



Arkivnr: 2015/11183-29

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Bestilling av selskapskontroll

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 71/16 Plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020 i møte 4.10.2016:

1. *Forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 vert vedteken med desse prosjekta i prioritert rekkefølge:*
 1. Bybanen AS
 2. Grieghallen IKS
 3. Beredt AS
 4. Valen Kraftverk
 5. Hardanger AKS AS
2. *Planen erstattar revidert plan selskapskontroll for perioden 2012 – 2016.*
3. *Planen gjeld for resten av valperioden, 2016 – 2020, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.*
4. *Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen. Kontrollutvalet vil rapportere til fylkestinget om kva kontrollar som er gjennomførte og resultata av desse.*
5. *Planen skal reviderast og evaluera minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne «revisjonen» og evalueringa.*
6. *Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av selskapskontrollar til fylkestinget minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for fylkestinget etter kvart.*

Drøfting:

På bakgrunn av den nye vedtekne planen er det tid for at kontrollutvalet bør vurdera kva nye prosjekt som skal setjast i bestilling. Kontrollutvalet skal for det første velja det eller dei nye prosjekta for gjennomføring av selskapskontroll. Ut frå vedtekten plan ville det vera mest naturleg å gå for det første prosjekta som ligg i prioriteringa, altså prosjekt 1 «Bybanen AS». Som kjent var det gjennomført selskapskontroll av Bybanen

AS sist gong i 2011. Revisjonsrapporten etter denne selskapskontrollen vart send kontrollutvalet som vedlegg til ein e-post 9.9.2016.

Når utvalet har bestemt kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrensa prosjektet nærmare, t.d. ved å formulere problemstillingar som ein vil at revisor skal finna svar på.

I dette arbeidet kan utvalet dra veksel på omtale av dei 3 første prosjekta, slik det kjem fram i gjeldande plan for selskapskontroll punkt 2.1:

Prioritet	Prosjekt	Tema
1.	Bybanen AS	<ul style="list-style-type: none"> • Eigaroppfølginga • Drift • Gjennomføring av investeringar/ prosjekt/innkjøp/ kontraktsoppfølging • Samhandling med fylkeskommunale einingar
2.	Grieghallen IKS	<ul style="list-style-type: none"> • Eigaroppfølging • Drift • Regelverk for offentleg støtte
3.	Beredt AS	<ul style="list-style-type: none"> • Eigaroppfølging • Drift

Konklusjon:

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensning av prosjekt.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført selskapskontroll av
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringer utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 3.11.2016 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.